



Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200801433-5/560/JOEN

Dykkar ref.:

Bergen, 30. april 2008

"Sett under ett - Ny struktur i høyere utdanning". Uttale frå Hordaland fylkeskommune til Stjernø utvalet si innstilling

Hordaland fylkesting vedtok i møte 24 april 2008 slikt uttale til Innstillinga frå Stjernø-utvalet NOU 2008: 3 Sett under ett:

1 Universitet og høgskular i regionane har svært stor betydning for regional utvikling, og er viktige partnarar for både næringsliv og offentlig sektor. Det er viktig å sikre robuste og mangfaldige einingar med solid kvalitet og god evne til samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv. Ut frå dette perspektivet legg Stjernø-utvalet sitt arbeid eit godt grunnlag for vidare politikktutforming av struktur og innhald i høgare utdanning.


2 Det er viktig å utvikle eit godt samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering mellom Universiteta og Høgskulane på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune støttar likevel ikkje framlegget om no å samle desse i ein institusjon. I staden bør ein satse på auka samarbeid mellom institusjonane. Dette kan eventuelt leggje grunnlag for endra organisering på sikt. Vi viser her til det samarbeidet som alt er etablert mellom institusjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

3 Dersom ein samla Vestlandsregion blir realisert, kan ei samling av universitets- og høgskulemiljøa i regionen vere eit viktig bidrag for å byggje opp under utviklinga av og i ein slik region.

4 Fleire høgskular i landet søker om å bli universitet. Om dette blir aktuelt, må Høgskolen i Bergen stå sterkt med tanke på å eventuelt få status som profesjonsuniversitet.

5 Ut frå den viktige rolla universitet og høgskular spelar i regional utvikling, er det viktig å utvikle modellar som kan styrke samarbeidet mellom fylkeskommunane og desse institusjonane, og som kan gi fylkeskommunane større innverknad.

./.
Kopi av saksframlegg og protokoll frå Fylkestinget sitt møte ligg ved.


Jan Per Styve
Strategi- og næringsdirektør



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200801433
Arkivnr. 560
Sakshandsamar Engelsvold, Jone

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	23.04.08	85/08
Fylkestinget	24.04.08	12/08

SETT UNDER ETT - NY STRUKTUR I HØYERE UTDANNING. UTTALE FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE TIL STJERNØ UTVALET SI INNSTILLING

Fylkesutvalet 23.04.08

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

”Stryka siste setning i pkt. 1.”

Harald Hove sette fram slikt forslag:

”Stryka nest siste setning i pkt. 2.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 med unntak av siste setning vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 siste setning vart vedteke mot 1 røyst (SV) som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (V) for Hove sitt forslag..

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 vart vedteke mot 2 røyster (SV, V) som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 vart vedteke mot 1 røyst (SV) som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

INNSTILLING TIL FYLKESTINGET

- 1 Universitet og høyskular i regionane har svært stor betydning for regional utvikling, og er viktige partnarar for både næringsliv og offentleg sektor. Det er viktig å sikre robuste og mangfaldige einingar med solid kvalitet og god evne til samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsniv. Ut frå dette perspektivet legg Stjernø-utvalet sitt arbeid eit godt grunnlag for vidare

politikkutforming av struktur og innhald i høgare utdanning.

- 2 Det er viktig å utvikle eit godt samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering mellom Universiteta og Høgskulane på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune støttar likevel ikkje framlegget om no å samle desse i ein institusjon. I staden bør ein satse på auka samarbeid mellom institusjonane. Dette kan eventuelt leggje grunnlag for endra organisering på sikt. Vi viser her til det samarbeidet som alt er etablert mellom institusjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane.
- 3 Dersom ein samla Vestlandsregion blir realisert, kan ei samling av universitets- og høgskulemiljøa i regionen vere eit viktig bidrag for å byggje opp under utviklinga av og i ein slik region.
- 4 Fleire høgskular i landet søker om å bli universitet. Om dette blir aktuelt, må Høgskolen i Bergen stå sterkt med tanke på å eventuelt få status som profesjonsuniversitet.
- 5 Ut frå den viktige rolla universitet og høgskular spelar i regional utvikling, er det viktig å utvikle modellar som kan styrke samarbeidet mellom fylkeskommunane og desse institusjonane, og som kan gi fylkeskommunane større innverknad.

Fylkestinget **24.04.08**

Aud Karin Søylen sette fram slikt forslag:

”Pkt. 1. Siste setning utgår.

Pkt. 2. To siste setningar utgår.

Pkt. 3. Utgår.

Pkt. 4. Utgår.

Nytt pkt. 3:

Noregs Handelshøyskole (NHH) må oppretthaldast som ein eigen institusjon. Den er i dag den einaste nasjonale undervisnings- og forskningsinstitusjonen på Vestlandet.

Noregs Forskningsråd har vurdert NHH på 1. plass innan finans- og økonomifagleg forskning.

Pkt. 5 blir pkt. 4.”

Terje Kollbotn sette fram slikt forslag:

” Nytt pkt. 3 / eige pkt.:

Hordaland fylkeskommune vil understreke at dei desentraliserte utdanningstilboda hos dei regionale høgskulane og er særst viktige. Både profesjonsutdanningane, etter- og vidareutdanningstilboda og den tette kontakten med lokalt samfunnsliv som høgskulane står for, er grunnleggjande føresetnader for rekrutteringa til den lokale arbeidsmarknaden og avgjerande for å sikre utvikling og vekst i lokalsamfunna i Hordaland.”

Kim Eirik Størksen sette fram slikt forslag:

” 1) Nytt punkt 3:

I ein prosess med ønske om auka samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering mellom institusjonane på Vestlandet, er det viktig at institusjonane får ein stabil styringsstruktur. Det tyder at dagens fleksible modell for styring bør vidareførast, og at ein ikkje bør gå inn for å lovfeste ein bestemt styringsmodell.

2) Stryk siste setning i punkt. 1.”

Harald Hove sette fram slikt forslag:

” Stryk 3. setning i pkt. 2.”

Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga pkt. 1 vart vedteken med 35 røyster mot 19 røyster (A, 3 SV, Raudt) for Søylen og Størksen sine forslag vedk. pkt. 1.

Innstillinga pkt. 2 vart vedteken med 29 røyster mot 25 røyster (A, 3 SV, Raudt, Sp, 2 V) for Søylen og Hove sine forslag vedk. pkt. 2.

Innstillinga pkt. 3 vart vedteken mot 21 røyster (A, 3 SV, 2 V, Raudt).

Innstillinga pkt. 4 vart vedteken mot 19 røyster (A, 3 SV, 2 V).

Innstillinga pkt. 5 vart samrøystes vedteken.

Søylen sitt forslag til nytt pkt. 3 fekk 14 røyster (A) og fall.

Kollbotn sitt forslag til nytt pkt 3 fekk 25 røyster (Raudt, A, 3 SV, Sp, 2 KrF) og fall.

Størksen sitt forslag fekk 25 røyster (Raudt, A, 3 SV, Sp, 2 V) og fall.

VEDTAK (24.04.08)

- 1 Universitet og høgskular i regionane har svært stor betydning for regional utvikling, og er viktige partnerar for både næringsliv og offentleg sektor. Det er viktig å sikre robuste og mangfaldige einingar med solid kvalitet og god evne til samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv. Ut frå dette perspektivet legg Stjernø-utvalet sitt arbeid eit godt grunnlag for vidare politikkkutforming av struktur og innhald i høgare utdanning.
- 2 Det er viktig å utvikle eit godt samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering mellom Universiteta og Høgskulane på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune støttar likevel ikkje framlegget om no å samle desse i ein institusjon. I staden bør ein satse på auka samarbeid mellom institusjonane. Dette kan eventuelt leggje grunnlag for endra organisering på sikt. Vi viser her til det samarbeidet som alt er etablert mellom institusjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane.
- 3 Dersom ein samla Vestlandsregion blir realisert, kan ei samling av universitets- og høgskulemiljøa i regionen vere eit viktig bidrag for å byggje opp under utviklinga av og i ein slik region.
- 4 Fleire høgskular i landet søker om å bli universitet. Om dette blir aktuelt, må Høgskolen i Bergen stå sterkt med tanke på å eventuelt få status som profesjonsuniversitet.
- 5 Ut frå den viktige rolla universitet og høgskular spelar i regional utvikling, er det viktig å utvikle modellar som kan styrke samarbeidet mellom fylkeskommunane og desse institusjonane, og som kan gi fylkeskommunane større innverknad.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 30. april 2008

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Børseth

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Fylkesutvalet	23.04.08	85/08	
Fylkestinget	24.04.08	12/08	

Sett under ett - Ny struktur i høyere utdanning. Uttale frå Hordaland fylkeskommune til Stjernø utvalet si innstilling

Fylkesutvalet 23.04.08

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

”Stryka siste setning i pkt. 1.”

Harald Hove sette fram slikt forslag:

”Stryka nest siste setning i pkt. 2.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 med unntak av siste setning vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 siste setning vart vedteke mot 1 røyst (SV) som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 14 røyster mot 1 røyst (V) for Hove sitt forslag..

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 vart vedteke mot 2 røyster (SV, V) som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 4 vart vedteke mot 1 røyst (SV) som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

INNSTILLING TIL FYLKESTINGET

- 1 Universitet og høgskular i regionane har svært stor betydning for regional utvikling, og er viktige partnerar for både næringsliv og offentleg sektor. Det er viktig å sikre robuste og mangfaldige einingar med solid kvalitet og god evne til samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv. Ut frå dette perspektivet legg Stjernø-utvalet sitt arbeid eit godt grunnlag for vidare politikktutforming av struktur og innhald i høgare utdanning.
- 2 Det er viktig å utvikle eit godt samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering mellom Universiteta og Høgskulane på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune støttar likevel ikkje framlegget om no å samle desse i ein institusjon. I staden bør ein satse på auka samarbeid mellom institusjonane. Dette kan eventuelt leggje grunnlag for endra organisering på sikt. Vi viser her til det samarbeidet som alt er etablert mellom institusjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane.
- 3 Dersom ein samla Vestlandsregion blir realisert, kan ei samling av universitets- og høgskulemiljøa i regionen vere eit viktig bidrag for å byggje opp under utviklinga av og i ein slik region.

SAKNR. 12/08
MØTEDATO 24.04.08

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Fylkesutvalet	23.04.08		
Fylkestinget	24.04.08	12/08	

Sett under ett - Ny struktur i høyere utdanning. Uttale frå Hordaland fylkeskommune til Stjernø utvalet si innstilling

Innstillinga frå fylkesutvalet vert lagt fram i møtet



Arkivsak 200801433-2
Arkivnr. 560
Saksh. Engelsvold, Jone

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	23.04.2008
Fylkestinget	24.04.2008

”SETT UNDER ETT - NY STRUKTUR I HØYERE UTDANNING”. UTTALE FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE TIL STJERNØ-UTVALET SI INNSTILLING

SAMANDRAG

Det regjeringsoppnemnte Stjernø-utvalet la 22 januar fram si innstilling ”Sett under ett – ny struktur i høyere utdanning” (NOU 2008:3). Innstillinga vurderer utfordringar og sannsynleg utvikling for høgare utdanning i Noreg. Dei legg vekt på fare for auka fragmentering og dermed svekka kvalitet gjennom små og ikkje koordinerte einingar. På denne bakgrunn foreslår utvalet ei rekkje tiltak. Det mest omtala av desse er forslag om å samle all statleg høgare utdanning i Noreg i 8– 10 fleircampusuniversitet med tyngdepunkt i ulike delar av landet.

Viktigast for Hordaland er forslaget om å etablere ”Universtietet i Vest-Norge”, samt at det ~~at det~~ ikkje bør opprettast nye permanente studiestader med egne fagmiljø. Ut over dette omhandlar innstillinga eit breitt spekter av tema som interne styringsmodellar, finansieringssystem, forskarutdanning, kvaliteten innan profesjonsutdanning, etniske minoritetar, funksjonshemma og likestilling – med meir.

I saka vert det gjort greie for dei viktigaste utfordringane og framtidsbileta som Stjernø-utvalet peiker på, samt hovudinnhaldet i dei forslag som vert fremja med vekt på spørsmålet om struktur og geografisk inndeling.


Viktige fag- og forskingsmiljø i Hordaland er kritisk til Stjernø-utvalet og forslag til reorganisering av høgare utdanning i Noreg. Sett frå ein regionalpolitisk ståstad kan det sjå ut som om andre modellar vil fungere betre, og t.d. eit sterkare nettverksamarbeid mellom institusjonane på Vestlandet.

FORSLAG TIL INNSTILLING.

- 1 Universitet og høgskular i regionane har svært stor betydning for regional utvikling, og er viktige partnarar for både næringsliv og offentleg sektor. Det er viktig å sikre robuste og mangfaldige einingar med solid kvalitet og god evne til samspel med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv. Utfrå dette perspektivet legg Stjernø-utvalet sitt arbeid eit godt grunnlag for vidare politikktutforming av struktur og innhald i høgare utdanning.
- 2 Det er viktig å utvikle eit godt samarbeid, arbeidsdeling og spesialisering mellom Universiteta og Høgskulane på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune støttar likevel ikkje framlegget om no å samle desse i ein institusjon. I staden bør ein satse på auka samarbeid mellom institusjonane. Dette kan eventuelt leggje grunnlag for endra organisering på sikt. Vi viser her til det samarbeidet som alt er etablert mellom institusjonane i Hordaland og Sogn og Fjordane.
- 3 Dersom ein samla Vestlandsregion blir realisert, kan ei samling av universitets- og høgskulemiljøa i regionen vere eit viktig bidrag for å byggje opp under utviklinga av og i ein slik region.
- 4 Fleire høgskular i landet søkjer om å bli universitet. Om dette blir aktuelt, må Høgskolen i Bergen stå sterkt med tanke på å eventuelt få status som profesjonsuniversitet.
- 5 Utfrå den viktige rolla universitet og høgskular spelar i regional utvikling, er det viktig å utvikle modellar som kan styrke samarbeidet mellom fylkeskommunane og desse institusjonane, og som kan gi fylkeskommunane større innverknad.



Paul M Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg:

1. BAKGRUNN FOR STJERØ UTVALET SI INNSTILLING

Regjeringa oppretta *Utvalet for høgare utdanning (Stjernø-utvalget)* 24 mai 2006. Målsetnaden var å få utreda den vidare utviklinga innanfor høgare utdanning. Med eit tidsperspektiv på 10 – 20 år skulle utvalet foreslå tiltak for å sikre at strukturen av universitet og høgskular medverkar til å møte samfunnet sine behov og sikrar ein god ressursutnytting. Vidare i mandatet heitte det mellom anna at ”institusjonsstrukturen må sikre ein god regional balanse i studietilbodet og kompetanse og medverke til godt samspill med lokalt og regionalt arbeids- og samfunnsliv”. Leiar av utvalet, Steinar Stjernø, presenterte innstillinga 22 januar 2008. Regjeringa vil organisere ein høringsrunde med frist 1. mai 2008. Debatten kring innstillinga har vore omfattande.

Kopi av innstillinga er å finne på denne web sida <http://www.stjerne.no/>

2. UTFORDRINGAR FOR HØGARE UTDANNING I NOREG

Stjernø-utvalet legg stor vekt på å finne ein balanse mellom nokre sær viktige omsyn for høgare utdanning i Noreg. På den eine sida er det internasjonale presset i retning av marknadsorientering, konkurranseutsetting, profesjonalisert leining og konsentrasjon av ressursar og talent. På den andre sida eksisterer det eit ønske om å bevare og styrke dei beste sidene ved dei tradisjonar som norsk høgare utdanning representerer. Med dette som utgangspunkt peiker utvalet på desse sentrale spørsmål (sitat, frå innstillinga s. 43):

- Hvordan kan mangfoldet i høyere utdanning opprettholdes på en måte som sikrer høy kvalitet og god utnyttelse av faglige og økonomiske ressurser? Hvordan oppnås riktig balanse mellom statlig styring og institusjonell autonomi?
- Hvordan kan styrings- og ledelsesfunksjonene ved universitetene og høyskolene profesjonaliseres samtidig som det demokratiske grunnlaget for de interne styringsstrukturene styrkes?
- Hvordan kan de offentlige finansieringsmodellene bli mer transparente, rettferdige og effektive, og hva slags insentivsystem fremmer både konkurranse og samarbeid mellom institusjonene?
- Hvordan skal en møte utfordringene fra et framtidig system med flere styringsnivåer når det gjelder høyere utdanning? Det gjelder ikke bare EUs styringsambisjoner på det som tradisjonelt har vært nasjonale ansvarsområder, men også den stadig viktigere regionale styringsrollen når det gjelder høyere utdanning.

Vidare syner utvalet til at nære naboland og andre land i Europa nettopp samlar sine talent og faglege ressursar i større institusjonar. Målet er å verte meir konkurransedyktige. Urbanisering endrar busettingsmønster og rekrutteringa til universitet og høgskulane, samtidig som dei unge sine egne preferansar bestemmer kva institusjonar og fagområd som veks eller må verte redusert. Demografiske svingingar medverkar til ytterligere press. Dette gjeld særlig institusjonar som ikkje greier å tiltrekke seg nok studentar. Den teknologiske utviklinga er lite føresigeleg og framtida vil krevje aukande investeringar i laboratorium og vitskapeleg utstyr.

3. FORVENTA UTVIKLING FOR HØGARE UTDANNING I NOREG

Stjernø-utvalet vurderer utfordringane for høgare utdanning dei neste 10 – 20 åra. Dersom ingen vesentlege grep vert gjort fryktar utvalet redusert kvalitet og (sitat frå innstillinga, s. 48):

- Økende konvergens mellom universiteter og høyskoler.
- Større forskjeller internt innenfor hver institusjonskategori, særlig mellom universitetene, men også mellom høyskolene.
- 12 universiteter; ytterligere pretendenter blant de gjenværende høyskolene.

- Siden nesten alle høyskolenes profesjonsutdanninger også har blitt universitetsutdanninger, vanskeliggjøres differensieringen mellom universitets- og høyskoleutdanning.
- Etablering av mange smale og svake forskerutdanninger; institusjonenes økonomi og kvaliteten i virksomheten for øvrig settes under press.
- En fortsatt økning i antall masterstudier ved høyskolene, men med en viss sanering over tid på grunn av svak rekruttering.
- De nye universitetene oppnår etter hvert ekstra forskningsbevilgninger, noe som fører til spredning av forskningsressursene og stagnasjon i bevilgningene til de høyskolene som er igjen.
- Noen institusjoner og studiesteder sliter med rekruttering av studenter og forskningskvalifisert personale, særlig mindre høyskoler utenfor de større byene.
- Institusjonene klarer ikke å utvikle arbeidsdeling seg imellom. Knapt noen utdanninger nedlegges.
- Utviklingen gjør norske høyere utdanningsinstitusjoner mindre interessante som samarbeidspartnere for institusjoner i andre land og vertsinstitusjoner for utenlandske studenter. Norsk høyere utdanning blir hengende etter i den internasjonale utviklingen.

I si drøfting av disse momenta, og den politikk som har vore ført dei siste tiåra spør utvalet om det finst ein veg å gå mellom ”Hernes og Mjøs”? Slik gir utvalet ein referanse til dei to siste viktige innstillingane om høgare utdanning i Noreg (s. 61 i innstillinga). Svaret dei finn er å redusere oppsplittinga av norsk høgare utdanning i form mange einingar. Og slik kjem forslaget om å samle ressursar innan det norske høgare utdanningssystemet i meir robuste organisasjonar som venteleg kan møte utfordringane både nasjonalt og internasjonalt.

4. STRUKTURENDRINGAR SOM SENTRALT TILTAK FOR Å MØTE FRAMTIDA

Stjernø-utvalet foreslår at institusjonsstrukturen i norsk høgare utdanning vert endra gjennom samanslåingar og følgjande hovudgrep:

Geografisk inndeling

All statlig høgare utdanning i Noreg vert samla i 8– 10 ”fleircampusuniversitet” med tyngdepunkt i ulike delar av landet. Utvalet har vurdert ulike måtar å gjere dette på, og for Vestlandet betyr deira forslag følgjande inndeling:

- Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet: NTNU, høgskulene i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Ålesund, Molde og Volda (36 000 studentar)
- Universitetet i Vest-Norge: Universitetet i Bergen, Høgskulane i Sogn og Fjordane, Bergen og Stord/Haugesund, Norges Handelshøgskule og Kunsthøgskulen i Bergen (29 000 studentar).
- Universitetet i Sørvest-Noreg: Universiteta i Stavanger og Agder (15 000 studentar)

Profil

Dei institusjonane som blir resultatet av prosessen vil ha ulik profil når det gjeld både utdanning og forskning. Dei vil dessutan ha ulik internasjonal, nasjonal og regional innretning. Samtidig vil dei i ulik grad være prega av intern differensiering på desse områda. Til tross for markering av tydelege ulikskapar mellom dei nye institusjonane, foreslår Sternø-utvalet *ikkje* eigne eliteuniversitet. Derimot vil dei utvikle strategien med ”Sentre for framifrå forskning”.

Prosess

Dagens institusjonar vert bedne om å vurdere kven dei vil slå seg saman med. Dette skal skje på basis av blant anna geografi, profil, strategi og storleik. Dette skal vere klart til Kunnskapsdepartementet innan 1. januar 2010. Forslaget er deretter at Regjeringa tek stilling til den endelege institusjonsstrukturen. Samanslåinga vert deretter sett i verk så snart som mulig.

Nedlegging av tilbod

Stjernø-utvalet peiker på at nokre høgskular har få studentar og eit særleg sårbart læringsmiljø. Dei meiner derfor at nedlegging av tilbod bør vurderast. Mellom desse er Høgskolen i Sogn og Fjordane sitt studietilbod i Førde. Det er ikkje foreslått nedlegging av studietilbod i Hordaland.

Anna struktur

Stjernø-utvalget meiner det ikkje bør opprettast nye, permanente studiestader med eigne fagmiljø i Noreg innanfor dei neste 10 – 20 år. Samtidig peiker dei på at høgare utdanning ikkje må verte mindre tilgjengelig for folk. For å nå dette målet vil dei satse på auka bruk av IKT og tilrettelegging av desentraliserte tilbod i studiesentra.

5. ANDRE VIKTIGE GREP FOR Å BETRE FORHOLDA FOR HØGARE UTDANNING

Stjernø-utvalet sin rapport er eit omfattande dokument på 246 sider som tek føre seg ei rekke viktige element knytt til høgare utdanning i Noreg. Eit tema dei drøfter er ønskje om klårare definisjonar knytt til kva som er eit universitet og kva som er ein høgskule. Utvalet ser ingen grunn til at Noreg skal halde seg med ein eigen definisjon av universitetsomgrepet. Dei vel ein internasjonal definisjon og meiner at eit universitet er ein høgare utdanningsinstitusjon som driv forskarutdanning – dvs at dei har minst ei doktorgradsutdanning.

Utvalsrapporten går djupt inn i heile spekteret av høgare utdanning i Noreg, og gir mellom anna ei omfattande utgreiing av høgskulane og dei meir profesjonsretta utdanningane sin plass i det samla utdanningssystemet. Spørsmålet om for sterk grad av akademisering innan profesjonsutdanningane versus kravet til auka kompetanse og kontakt med internasjonal forskning også innan desse felta er mellom problemstillingane dei ser nærare på. Ein betre ballanse mellom desse omsyna er eit av hovudargumenta bak forslaget om å reorganisere høgskulane saman med universiteta til dei skisserte landsdelsuniversiteta.

Meir spesifikt er utvalet opptekne av kvaliteten innan profesjonsutdanningane som lærar, sjukepleiar, ingeniør m.m., og foreslår mellom anna eit kompetansehevingsprogram for det faglege personalet. Vidare ønskjer utvalet etablering av sentre for framifrå undervisning, som også vil kome profesjonsutdanningane til gode. Utvalet foreslår vidare å lovfeste ein styringsmodell med eins leiing og ekstern styreleiar. Innanfor ei slik ramme skal institusjonane få høve til å bestemme andre element i styrings- og leiingsstrukturen.

Utvalet omtalar ulike ordningar med finansiering av høgare utdanning, og foreslår ein forsiktig reduksjon av resultatbaserte finansiering, kombinert med avtalar som strekk seg over fleire år. Dei foreslår vidare å oppretthalde dei strategiske forskingsløyvingane og dessutan å innføre ei ny strategisk undervisningsløyving etter om lag same mal. Til sist peiker utvalet på administrative og økonomiske konsekvensar, og slår fast at ei eksakt kostnadsberekning for den føreslegne reforma er vanskeleg. Det handlar om personalmessig omstilling, og vil kunne kome opp i ein kostnad på 300 – 400 millionar kroner årleg. Tilsvarande vil innsats for å styrke forskarutdanninga og sentre for framifrå forskning/undervisning til saman kunne utgjere 500 millionar i ekstra årlege utgifter over ein gitt tidsperiode. Andre tiltak vil ha administrative konsekvensar utan at dei peiker på kostnaden ved dette.

6. KONTROVERSIELLE FORSLAG OG MYKJE DEBATT

”Vi skal stogge Stjernø” (NRK S&F), *”Samarbeid, ikkje tvang* (Stavanger Aftenblad), *”Tjener ikke kvaliteten”* (Klassekampen). Dette er berre nokre av dei i hovudsak negative reaksjonane som pressa formidla 23 januar, dagen etter at Stjernø la fram si innstilling. Kritikken er i hovudsak knytt til to av forslaga; a) geografisk samanslåing samt grenser for inndeling og b) samanslåinga av universitet og høgskular til felles einingar.

I vekene etter lanseringa i januar har debatten halde fram, men etterkvart kanskje noko meir nyansert. Det er hovudsakleg aktørane frå forskning og undervisning som har ytra seg.

Universitetet i Bergen har vore tydelege i den lokale debatten

Fleire av medlemene i Stjernø-utvalet har delteke i debatten kring framlegget. Dei erkjenner å ha kome med eit radikalt framlegg som vil innebere store omstillingar, men argumenterer med at det truleg

ikkje er så mange andre vegar å gå norsk høgare utdanning. Gerd Kvale, dekan ved Det psykologiske fakultet ved Universitetet i Bergen tek i ein kronikk i Bergens Tidende 21 februar om lag det same utgangspunktet når ho hevdar at "Det ligger en god analyse til grunn for det som noen oppfatter som et drastisk forslag: Vi har gjort veivalg som ikke lar seg snu." Ho hevdar vidare at den enkelte institusjon verken har ansvar for eller mandat til å sikre ei utvikling basert på ei heilskapleg vurdering av ressursane – dei økonomiske så vel som dei menneskelege. Eit Vestnorsk Universitet vil kunne bryte ned mange av desse grensene og samordne ressursane til beste for heile regionen, hevdar ho.

Dette synspunktet deler ikkje rektor ved UiB Sigmund Grønmo. Han har vore ein sentral aktør i den nasjonale debatten og meiner at ei tvungen samanslåing på Vestlandet vil svekke kvaliteten innan høgare utdanning og forskning, mellom anna ved at identitet og særpreg kan forsvinne. Slik meiner han dei eksisterande institusjonane truleg misser mykje av det som er bygd opp over tid, og han er særleg uroa for Universitetet i Bergen si unike og viktige rolle som internasjonalt forskaruniversitet. Posisjonen til Universitetet i Bergen vil kunne verte utvatna om høgskulane og universitetet skal finne ei slags mellomform gjennom eins leing og felles rutinar og ressurspolitikk, hevdar Grønmo vidare. Dette synet vert delt av representantane frå Norges Handelshøgskule, som helle ikkje ser seg tent med å verte ein del av ein Vestnorsk institusjon.

Høgskulane har ei litt anna haldning

Høgskulane har hatt ein litt anna tilnærming til Stjernø si innstilling. Rapporten framhevar høgskulane og deira utfordringar. Slik gjev Stjernø-utvalet også uttrykk for ei viktig vedkjenning av høgskulane si rolle, Dette har vore mindre tydeleg ved tidlegare utvalsinnstillingar. Sentrale representantar for høgskulane på Vestlandet er då også monaleg positive til mykje av det som ligg føre. I debatten har dei trekt fram at høgskulane deltar i eit viktig samspel med så vel andre utdanningsinstitusjonar, lokale/regionale styresmakter og det regionale næringslivet. Dette representerer viktige ressursar innan forskning og undervisning, samt at høgskulane i mange høve er ein viktig medspelar innan arbeidet med regional utvikling. Hordaland fylkeskommune har til dømes fleire samarbeidsprosjekt med Høgskulane i fylket.

Frå høgskulemiljøa vert det ofte peika på at ein ikkje ønskjer å vere konkurrent til universiteta, men høgskulane og universiteta må kunne utfylle kvarandre. Nokre av høgskulane har jamvel ambisjonar om å verte eigne universitet innan bestemte fag- og profesjonsområde som kan utfylle dei meir generelle forskingsmiljøa ved dagens universitet. Likevel vert det frå høgskulehald også peika på at konkurransen om posisjonering og forskingsmidlar er viktig, og at dette pregar dei strategiske val som bør gjerast. I relasjon til dette ser nok ein del av høgskulemiljøa det slik at fleire av framlegga frå Stjernø-utvalet vil kunne tene høgskulane i konkurransen om ressursar som i dag primært går til universiteta.

Nettverkssamarbeid som alternativ

På Vestlandet er det lansert eit alternativ til samanslåing ved å satse på sterkare nettverksarbeid. Det såkalla "UH-nett Vest" vart etablert i januar 2008 med eige styre, administrasjon og budsjett. Dette er eit samarbeid mellom HSF, Høgskolen i Bergen, Universitetet i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund. Styreleiar er rektor ved Universitetet i Bergen Sigmund Grønmo. Dei andre medlemmane av styret er rektorane ved dei respektive institusjonane. Sekretariatet er lokalisert ved Universitetet i Bergen. Samarbeidet i det nye nettverket vil m.a. omfatte:

- Utdanningsamarbeid
- Samarbeid om forskarutdanning
- Forskingssamarbeid
- Samarbeid om internasjonalisering

Av konkrete, kortsiktige tiltak som vert vurdert i nettverket er blant anna anbefalte studieløp på tvers av institusjonane, eksempelvis utdanning på lågare grad på ein eller fleire høgskular og utdanning på høgare grad, master og eventuelt PhD, på UiB. Andre tiltak kan vere samarbeid om forskarutdanning gjennom spesielle UiB-opplegg for kandidatar frå høgskulane, spesielle opplegg for kompetanseutvikling blant tilsette på høgskulane og samarbeid om rettleing av PhD-kandidatar.

Sigmund Grønmo har ved fleire høve promotert dette samarbeidsnettverket som eit alternativ til Stjernø-utvalet si innstilling. Alt i mai 2007 uttalte han til avisa På Høyden at han håper dei får til eit sterkare forskingssamarbeid gjennom blant anna å identifisere fellesnemnarar mellom sterke fagmiljø og legge til rette for prosjektsamarbeid og felles forskingsseminar. På lengre sikt håper Grønmo å få til ein formell avtale basert på ein fleircampusmodell.

Nettverkssamarbeid som einaste farbare veg?

Det er hevda at ideen om nettverksorganisering av høgare utdanning vart prøvd og forkasta med Gudmund Hernes sine idear og prosjekt. Det kan likevel sjå ut som om eit nettverkssamarbeid er den samarbeidsforma som har størst oppslutnad, og dermed er best egna til å møte dei utfordringar som Stjernø-utvalet presenterer i innstillinga si. Universitetet i Bergen er sterkt i mot ei tvungen samanslåing av institusjonar. Ei gradvis auke av samarbeid, der dette på noko sikt kan verte meir formalisert er dei derimot positive til. Dei hevdar at nøkkelen til å oppnå dette er samspelsprosessar der dei ulike institusjonane går inn med utgangspunkt i nettopp eigen identitet, tradisjon og nedfelte ambisjonar.

7. FORSKINGS- OG UTDANNINGSINSTITUSJONANE PÅ VESTLANDET

Forskings- og utdanningsmiljøa på Vestlandet femner mange institusjonar. Fleire av dei er relativt små, og det er spørsmål om i kva grad dei er robuste nok til å møte morgondagens utfordringar. Det er eit stort mangfald innan faglege kvalitet og tilbod om undervisning, men i mange høve kan det synast å vere ei noko uklår arbeidsdeling. Spesialiseringa som framkjem, og som skal vere ein kvalitativ styrke for institusjonane, kan dermed også stå fram som noko tilfeldig fordelt. Det er positivt med mange institusjonar, men negativt at dei ofte er fragmenterte. Dette siste er eit problem som kan tale for samanslåing av institusjonane på Vestlandet, slik Stjernø-utvalet foreslår.

På ei anna side er det også slik at store institusjonar, som er sett saman av mange tidligare sjølvstendige einingar, ofte får nok med halde orden på seg sjølv og si eiga indre utvikling. Då vert dei sjeldan den koordinerte krafta som ein ønske seg då reorganisering vart vedteken. Stordriftsfordel vert stordriftsulempe, og organiseringa kan i seg sjølv verte hinder i vegen for erklært ønske om samarbeid. Ein slik prosess kan føre til auka einsretting av kvalitativt innhald. Ei slik utvikling vil kunne vere i motsetnad til regionale interesser, der det store lag av medspelarar til forskings- og utdanningsinstitusjonane vil vere tent med eit breitt mangfald, tydeleg fagleg særpreg og konkurranse om å utvikle dei beste tilboda.

8. VERKNAD AV FORSLAGA FOR HORDALAND

Stjernø-utvalet foreslår at Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, Noregs Handelshøgskole, Kunsthøgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen skal gå saman med høgskulen i Sogn og Fjordane til eit "Universitetet i Vest-Noreg". Det er openbart ei stor utfordring med eit slikt koordinert mangfald å kunne ivareta både dei ulike institusjonane sitt særpreg, dei ofte viktige tradisjonane og ikkje minst dei faglege satsingsområda som innan ramma av dagens institusjonar fleire stader er grunnlag for utvikling av viktig spisskompetanse. Desse sidene ved konsekvensane av Stjernø-utvalet sitt forslag for forskings- og utdanningsinstitusjonane i Hordaland har då også vore langt framme i den regionale debatten. Det er generell uvilje mot forslaget.

Som eit alternativ har miljøa i Hordaland vore aktive i utviklinga av nye samarbeidsformer som no er under utvikling. Initiativet til UH-nett Vest vil involvere Universitetet i Bergen saman med Høgskulen i Bergen og Høgskulen Stord Haugesund. Det kan synast som om dette samarbeidet representerer eit reelt alternativ til tvungen samanslåing.

Hordaland fylkeskommune er opptekne av at høgskulane Stord Haugesund og i Bergen får gode vilkår for verksemda si. Det må vere eit mål at dei ulike institusjonane innan høgare utdanning i Hordaland kan utfylle kvarandre, og at tilbod vert lagt til rette fleire stader i fylket. Utfordringa i den vidare organisering vert å gje samarbeidet eit innhald som forpliktar og som gjer tydeleg både roller og

oppgåver så vel internt som eksternt. I denne prosessen er det særleg viktig å avklare ansvarsområda til dei to høgskulane i forhold til ansvarsområdet som Universitetet i Bergen skal ha. Ein må ta stilling til korleis dei tre kan utfyller kvarandre og vurdere verknaden av auka konkurranse mellom høgskulane og Universitetet om både forskingskompetanse og om utdanningstilbod.

9. KONKLUSJON OG TILRÅDING

”Universitetet i Vest Noreg” er neppe ei god løysing på kort sikt. Det er likevel eit stort behov for meir planlagt arbeidsdeling, spesialisering og samarbeid mellom forskings- og utdanningsmiljøa i Hordaland. Dette vil ha positive verknader for den regionale utviklinga i fylket. Som regional utviklingsaktør har fylkeskommunen både ei oppgåve som bestillar av tenester og ei oppgåve som premissleverandør når det gjeld forskning og høgare utdanning. Det er derfor viktig at Hordaland fylkeskommune deltek aktivt med synspunkt på dette, og at fylkeskommunen kan vere med å påverke utviklinga vidare.

Det samarbeidet som no vert lansert som alternativ til Stjernø-utvalet sitt forslag om samanslåing vil på kort sikt kunne ivareta behovet for mangfald og kvalitet. På noko lengre sikt bør ein vurdere eit meir formelt samarbeid mellom institusjonane. Her kan ei samling av institusjonane i Hordaland og eventuelt Sogn og Fjordane vere eit godt alternativ.